

Til: Nærings- og handeldepartementet ;
Postboks 8014 Dep
0030 Oslo

21.februar 2007,
Oslo

Frå: Senterungdommen
Postboks 1191 Sentrum
0107 Oslo

HØYRINGSUTTALING TIL HANDSAMING AV TENESTEDIREKTIVET

Senterungdommen er ingen ordinær høyringsinstans, men viser til at Nærings- og handelsdepartementet har oppmoda til ein breiast muleg debatt om dette temaet, og vil derfor koma med nokre innspel til den viktige prosessen.

Innleiing

Tenestedirektivet er truleg det mest omstridde direktivet i EU si historie. Etter ei turbulent handsaming er det no ferdigstilt, og skal implementerast i medlemslanda innan tre år. I denne samanhengen er EØS-landa i ei privilegert stilling, sidan vi har høve til å reservere oss mot einskiddirektiv. Det er ei rekkje grunnar til at Noreg no, for første gong på 12 år, må bruke denne retten.

Demokrati

Senterungdommen vil ha eit meir levande folkestyre, lokalt og nasjonalt. Gjennom EØS-avtalen opplever vi i dag ei utvikling der stadig meir makt blir overført frå folkevalde organ her heime, over til byråkratar og lobbyinteresser i Brussel. Tenestedirektivet er eit openbart uttrykk for denne maktforskyvinga, og det har ein klar marknadsliberalistisk profil. For å sikre fri flyt av tenester over landegrensene, blir handlingsrommet til nasjonale, folkevalde politikarar avgrensa. Mulegheitene til politisk styring av økonomien og samfunnet blir dermed svekka.

Eit viktig spørsmål som ikkje blir avklara, er *kva tenester som faktisk fell inn under direktivet*. Nasjonale myndigheiter skal ha høve til å avgjera som som er av "økonomisk" eller "allmenn" interesse. Men dette er lite haldbart, når vi veit at føremålet med direktivet nettopp er ei samordning av standardane.

Det er også uklart om *opphavslandsprinsippet* framleis skal gjelde. Vertslandet kan i følgje direktivet berre stille krav som er "ikkje-diskriminerande, naudsynte og proporsjonale". Det blir opp til EF-domstolen og EFTA-domstolen å avgjera korleis dette skal tolkast. Desse domstolane har som mandat å sikre friast muleg handel over landegrensene. På den måten vil direktivet overføre enda meir makt til eit ikkje-folkevalt organ.

Når det gjeld *arbeidsretten*, står det vidare at direktivet ikkje grip inn mot "nasjonal rett som respekterer fellesskapsretten". Det er da eit svært nærliggjande spørsmål kva delar av norsk arbeidsrett som ikkje respekterer fellesskapssretten.

Velferd

EU-Kommisjonen har sjølv uttala at «nesten alle tjenester på det sosiale området kan reknast som økonomiske aktivitetar» Kva dette inneber, er igjen usikkert. Når det gjeld høgare utdanning, kan ein sjå for seg at internasjonale private aktørar vil ha krav på same stønads- og konkurransevilkår som offentlege. Dette vil tappe offentlege læringsinstitusjonar for resursar, samstundes som berre dei private kan krevje skulepengar. Kvaliteten på dei private tilboda vil auke, og resultatet kan bli at berre dei som ikkje har råd til noko betre, tek utdanning ved dei offentlege institusjonane. Ei liknande effekt kan ein få innanfor helse. På sikt vil dette føre til eit klassesdelt samfunn som Senterungdomen slett ikkje ønskjer at skal oppstå.

Distrikt

Ein større og friare marknad kan favorisere store, multinasjonale bedrifter framfor lokale småbedrifter. Store multinasjonale selskap har ein større organisasjon og likviditet i ryggen enn det småbedriftene har. I mange lokalsamfunn er dei lokale småbedriftene ei ryggrad i sysselsettinga. Om dei blir utkonkurrerte, fell deler av grunnlaget for busetting vekk.

Miljø

Den største politiske utfordringa i vår tid er global opvarming. Dei aller fleste rapportar konkluderer med at menneskeleg aktivitet ligg til grunn for klimaendringane. Målet med Tenestedirektivet er auka internasjonal handel med tenester. Sidan det er menneske som utfører tenester, vil auka handel på dette området også føre til mykje meir transport og reising. Så sant denne transporten skjer ved bruk av fossilt brennsel, vil det ha negativ effekt for miljøet.

Sosial dumping

Tenestedirektivet legg opp til mest muleg grenseoverskridande handel med tenester i ein EU-marknad med store lønsskilnadar frå land til land. Det er uklart i kva grad det er muleg å sikra norsk løn til dei som tek jobbar i Noreg. Allereie i dag ser vi mange døme på underbetaling av utanlandsk arbeidskraft. I kva grad vil Tenestedirektivet påverke kontrollmulegheitene, og dei tiltaka fleirtalsregjeringa har lagt fram mot sosial dumping? Paragraf 16 –2 i direktivet forbyr heilt konkret ei rekke tiltak som kan brukast mot sosial dumping.

Lærlingar

Ei side ved den auka internasjonale konkurransen i tenestesektoren, er at han undergrev lærlingordninga. Når norske bedrifter må konkurrere med utanlandske om oppdraga, kan dei komma til å sjå på lærlingar og utdanning av faglært arbeidskraft som ein ekstrakostnad. Lærlingeplassar har det alltid vore mangel på, men det kan bli færre med Tenestedirektivet. Kan norske styresmakter stille krav til utanlandske tenesteytarar-bedrifter om at dei tek inn

læringar på oppdrag i Noreg? Om ikkje, vil det at ein aukande del av oppdraga går til utanlandske bedrifter heilt klart vera med på å undergrava lærlingeordninga. Dette må regjeringa avklare før ein tek stilling til Tenestedirektivet.

Krav

Senterungdommen krev at verknadene av Tenestedirektivet blir grundig utgreidd før regjering og Storting tek endeleg stilling til direktivet. Denne utgreiinga må gjerast av ei breidt samansett gruppe, der folk med ulike perspektiv og haldningar er representerte.

Førebels tyder alt på at reservasjonsretten bør brukast mot Tenestedirektivet. Direktivet vil ha ei rekkje negative verknadar for velferden, utdanninga, lærlingeplassar og verdiskaping i distrikts-Noreg. Det er opp til regjeringa å motbevise dette før ein eventuelt vedtek direktivet.

Med helsing

Senterungdommen

v/ Marianne Granheim Trøyflat (medlem av Internasjonalt Utval)